

## VEDTEKTER FOR STIPENDORDNING

1. Magda Sæviks stiftelse (979 404 263) har oppretta eit stipend til Møre barne- og ungdomsskule (987 017 708) som skal nyttast til føresette til elevar som grunna svak økonomi søker om stipend.
2. Stipendet er plassert på konto, og er låst til Magda Sæviks stiftelse inntil det vert nytta. Magda Sæviks stiftelse set inn nye tilskot på stipendkontoen i samsvar med vedtak i styret i stiftinga.
3. Stipendet vert administrert av rektor og styreleiar, og tildelingar vert gjort av rektor i samsvar med vedtekter og retningslinjer for stipendordninga. Styret får årleg rapport på status og tildelingar for stipendordning
4. Både søknader om stipend og vedtak om tildeling av stipend skal gjerast individuelt. Det skal nyttast fastlagt søknadsskjema, og ordinær søknadsfrist er **20.august** inneverande år. For søknadar som kjem etter søknadsfrist vert det vurdert stipend for resten av skuleåret. Det kan ikkje tildelast stipend på skulepengar som det allereie er sendt ut faktura på.
5. Tildeling og utbetaling av stipend skal gjerast etter fylgjande prinsipp:
  - tildelt stipend skal stå i høve til føresette si totale inntekt, fråtrekt utgifter til skuleskyss, og regulert ut frå talet på barn med utgifter knytt til barnehage, SFO og/eller skulepengar.
  - tildelte stipend kan variere i storleik frå år til år alt etter mengda av søknader som kjem inn.
  - føresette til eleven får berre fakturert eventuelt restbeløp for skulebetaling
7. Styret til skulen kan endre vedtektene for stipendordninga.

Vedteke av styret for skulen 4.oktober 2017

Kontakt:

**Adresse**  
Dragsund  
6080 Gurskøy

**Telefon**  
70080550

**Faks**  
70080551

**E-post**  
rektor@moreskule.no

**Heimeside**  
www.moreskule.no

**Organisasjonsnr**  
987 017 708

Side 1 av 1